



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

LÆRDAL KOMMUNE	
24 JUL 2012	
Arkivnr. 11/610	Journalnr. 3

Vår dato: 16 JULI 2012
Vår ref.: NVE 201203967-2 rv/sav
Arkiv: 411 /073
Dykkar dato:
Dykkar ref.: 11/610-2

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane

Lærdalselvi – Førebels attendemelding på søknad om stønad til planlegging og gjennomføring sikringstiltak ved Lærdalsøyri - Lærdal kommune

Vi syner til dykkar søknad dagsett 08.05.2012 om hjelp til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak av Lærdalsøyri.


Vi vil med dette gje førebels attendemelding om at vi vil delta i prosjektet både i høve til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak i Lærdalsøyri. Denne saka vil krevje store ressursar både av personellmessig art og i høve våre budsjettmidlar til sikringstiltak. Omfanget av og kompleksiteten i saka gjer at det vil gå tid før ein kan ha klart kva tiltak som vil gje best mogleg effekt og følgeleg ha finansiering på plass.


Vi er kjent med at Lærdalsøyri har problem i høve stor vassføring i Lærdalselvi og vi har seinast hatt møte med kommunen i 2011 der dette vart drøfta. Problema gjev utfordringar mellom anna i høve oppfyling av krav sett i byggtknisk forskrift og sentrumsplanlegging i området. Vi har forståing for at dette gjer det vanskeleg for kommunen mellom anna å ha ein aktiv nærings- og bustadpolitikk då dagens situasjon gjer det vanskeleg med heilskapleg planlegging. Vi ser at kommunen treng ein strategi for å takle flaumproblema. Ein viktig del av ein slik strategi vil vere utarbeiding av plan for og gjennomføring av sikringstiltak der ein kan dokumentere at sikringstiltaka er så gode at dei tilfredstiller tryggleikskrav i byggtknisk forskrift.

Etter ferien vil vi starte opp arbeidet med vurdering av aktuelle tiltak og vi ynskjer at kommunen vert ein aktiv deltakar/medspelar i drøftinga kring dette spørsmålet.

Dette til orientering.

Med helsing


Inge Lavoll
fung. regionsjef


Svein Arne Vågane
senioringeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR